



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Rapport etter tilsyn

# Kommunal beredskapsplikt

Giske kommune

Tilsynsdato: 05.11.2013

Rapportdato: 02.01.2014

## Innhold

<b>1 BAKGRUNN OG GJENNOMFØRING.....</b>	<b>3</b>
1.1 FØREMÅL OG HEIMELSGRUNNLAG.....	3
1.2 PÅLEGG OM GJENNOMFØRING .....	3
1.3 TILSYNSTEMA .....	4
1.4 GRUNNLAGSDOKUMENTASJON.....	4
1.5 GJENNOMFØRING .....	5
<b>2 HOVUDINNTRYKK.....</b>	<b>6</b>
<b>3 RESULTAT FRÅ TILSYNET .....</b>	<b>7</b>
3.1 AVVIK .....	7
3.2 MERKNADER .....	8
<b>4 VIDARE OPPFØLGING.....</b>	<b>9</b>

## 1 Bakgrunn og gjennomføring

Tabellen nedanfor oppsummerer nøkkelopplysningene om gjennomføringa og vidare oppfølging. Dei vidare avsnitta gir utfyllande opplysningar om heimelsgrunnlag, grunnlagsdokumentasjon og deltararar.

<b>Tidspunkt for tilsynet:</b>	26.08.2013 (formøte) 05.11.2013 (tilsyn)
<b>Adressa til kommunen:</b>	Valderhaug, 6050 Valderøya
<b>Kommunenummer:</b>	1532
<b>Kontaktperson i kommunen:</b>	Henrik Wang
<b>Fylkesmannen sitt tilsynslag:</b>	Ketil Matvik Foldal (tilsynsleiar) Odd Morten Taagvold
<b>Tilsynsrapporten er skriven av:</b>	Ketil Matvik Foldal
<b>Tilsynsrapporten er godkjent av:</b>	Ketil Matvik Foldal (fylkesberedskapssjef)
<b>Førebels tilsynsrapport sendt:</b>	25.11.2013
<b>Endeleg tilsynsrapport sendt:</b>	02.01.2014
<b>Kommunen sin frist for oppfølgingsplan:</b>	28.02.2014

### 1.1 Føremål og heimelsgrunnlag

Føremålet med tilsynet er å sjå til om Giske kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med aktuelle krav fastsett i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Tilsynet er gjennomført med heimel i § 29 i sivilbeskyttelseslova og § 10 i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

### 1.2 Pålegg om gjennomføring

I Justis- og beredskapsdepartementet sitt embetsoppdrag til fylkesmennene er det fastsett at fylkesmannen skal føre tilsyn med kommunane sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Om gjennomføringa seier embetsoppdraget at:

"Tilsynet skal planlegges og gjennomføres i samsvar med DSBs tilsynsveileder.  
Fylkesmannen skal ha en årlig rullerende tilsynsplan som over en fireårsperiode innebærer minst ett tilsyn i alle kommuner.."

### **1.3 Tilsynstema**

I møte mellom DSB og fylkesmennene i februar 2013 presiserte DSB at alle krav i forskrift om kommunal beredskapsplikt skal vurderast under tilsyna i 2013.

### **1.4 Grunnlagsdokumentasjon**

Desse dokumenta vart sende frå kommunen til fylkesmannen før tilsynet:

<b>Nr.</b>	<b>Dokument</b>	<b>Datering</b>
1.	Organisasjonskart	12.10.2009
2.	Planstrategi for Giske kommune 2012 – 2016	30.01.2013
3.	Giske kommune. Kommuneplan 2009 – 2020, samfunnssdelen	22.09.2009
4.	Konsekvensutgreiing for eldre, ikkje utbygde utbyggingsareal	Ikkje datert. 2008?
5.	Metodikk og Prosess for heilskapleg ROS-analyse i Giske kommune	05.09.2013
6.	Heilskapleg ROS-analyse for Giske kommune – Metode og prosess	27.08.2013
7.	Invitasjon til deltaking i arbeid med heilskapleg ROS-analyse	29.08.2013
8.	Diverse førebelse utskrifter frå heilskapleg ROS-analyse	2013
9.	ROS-analyse 2012 Pleie og omsorg i Giske kommune	10.02.2012
10.	Kriseplan 2012 for Giske kommune	26.11.2011
11.	Smittevernplan for Giske kommune 2004	10.05.2005
12.	Beredskapsplan mot akutt forureining	20.09.2012
13.	Innkalling til møte i Giske beredskapsråd	06.09.2013
14.	Referat frå møte i kriseleiinga	12.02.2013
15.	Referat frå møte i kriseleiinga	20.03.2013
16.	Referat frå møte i kriseleiinga	28.05.2013
17.	Referat frå møte i kriseleiinga	24.06.2013
18.	Referat frå møte i kriseleiinga	08.08.2013
19.	Evaluering etter deltaking på «Øvelse Sunde» i Ålesund	04.06.2013

## 1.5 Gjennomføring

Formøte for Giske kommune vart gjennomført 26.08.2013. Tilsynsbesøk med opningsmøte, intervju og sluttmøte vart gjennomført 23.10.2013. Kven som deltok går fram av tabellen under.

Deltakarar	Stilling	Formøte	Oppningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Knut Støbakk	Ordførar		X	X	X
Olav Sindre Roald	Varaordførar	X			
Sindre Røsvik	Konst. rådmann	X	X	X	X
Henrik Wang	Beredskapskontakt	X	X	X	X
Olav Megrund	Teknisk sjef		X	X	X
May-Helen Molvær Grimstad	Kommunalsjef				X
Ketil Matvik Foldal	Fylkesberedskapssjef	X	X	X	X
Odd Morten Taagvold	Rådgivar	X	X	X	X

## 2 Hovudinntrykk

Både dokumentgjennomgangen og tilsynsbesøket viste at Giske kommune er medviten om oppgåver og ansvar for samfunnstryggleik og beredskap. Kommunen arbeider målretta og systematisk med fagområdet. Kommunen har god forståing av status for beredskapsarbeidet, også forbetringspotensialet, og kommunen har eit godt grunnlag å byggje vidare på.

Det mest vesentlege elementet som manglar, er kommunen sin heilskaplege ROS-analyse. Arbeidet med denne er godt i gang, og skal etter kommunen sin plan vere ferdig før jul i 2013.

Når den heilskaplege ROS-analysen er på plass, ligg kommunen sitt forbetringspotensial i å etablere ei overbygning, oversikt og ramme for kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Kommunen må få innarbeidd målsetjingar og strategiar i kommuneplansystemet og kommunen bør også få på plass ein plan eller eit styringsdokument for den løpende aktiviteten i beredskapsorganisasjonen. Kommunen har allereie jamn og god aktivitet i den kommunale beredskapsorganisasjonen, og ein slik plan bør også kunne legge til rette planlegging og styring av dei årlege aktivitetan: Gjennomføring av møte i kriselerding og beredskapsrådet, planvedlikehald, øvingar mv. Det ligg også potensial i å justere ein del av dokumenta og rutinane slik at dei endå tydelegare kan relaterast til aktuelle forskriftskrav og føringar.

### 3 Resultat frå tilsynet

Tilsynet avdekte fem avvik. tre forhold er kommenterte som merknader.

#### 3.1 Avvik

Avvik er definert som manglende oppfølging av krav fastsett i sivilbeskyttelseslova §§ 14 og 15 og/eller i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

##### Avvik nr. 1

Giske kommune manglar heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse

*Regelverkstilvising:*

Sivilbeskyttelseslova § 14 og forskrift om kommunal beredskapsplikt § 2

*Utdjupande kommentar:*

Den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen er den viktigaste berebjelken i den kommunale beredskapsplikta. Under tilsynsbesøket vart det gjort klart at analysen er under utarbeiding, er nær ferdigstilling, og jamvel kan ligge før endeleg tilsynsrapport.

##### Avvik nr. 2

Giske kommune har ikkje med utgangspunkt i heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse utarbeidd langsigte mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet.

*Regelverkstilvising:*

Forskrift om kommunal beredskapsplikt § 3

*Utdjupande kommentar:*

Utan heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse på plass, er det også umogleg å oppfylle kravet om langsigte mål, strategiar, prioriteringar mv. Dette er arbeid som må sjåast i samanheng med rullering av kommuneplansystemet.

##### Avvik nr. 3

Kommunen sin kriseplan oppfyller ikkje forskriftskrava om varslingsliste, ressursoversikt og plan for befolkningsvarsling.

*Regelverkstilvising:*

Forskrift om kommunal beredskapsplikt § 4, andre ledd, litra b, litra c og litra d

*Utdjupande kommentar:*

Forskrift om kommunal beredskapsplikt sin § 4 listar opp ei rekke minimumskrav til kva kommunen sin kriseplan skal omfatte. Dei forholda som her er nemnde må innarbeidast i Giske kommune sin kriseplan.

##### Avvik nr. 4

Kommunen sin kriseplan oppfyller ikkje forskriftskravet om oppdatering.

*Regelverkstilvising:*

## Forskrift om kommunal beredskapsplikt § 6, andre ledd

### *Utdjupande kommentar:*

Giske kommune sin kriseplan er ikkje oppdatert sidan 26.11.2011. Dette oppfyller ikkje forskriftskravet om at planen til ei kvar tid skal vere oppdatert og at han som minimum skal reviderast ein gong per år.

### **Avvik nr. 5**

Giske kommune kan ikkje dokumentere skriftleg at krava i forskrift om kommunal beredskapsplikt er oppfylte.

### *Regelverkstilvising:*

Forskrift om kommunal beredskapsplikt § 9.

### *Utdjupande kommentar:*

Mange forskriftskrav er oppfylte, og dette byggjer sjølvsgått på at det føreligg skriftleg dokumentasjon av ulike typar. Kommunen har likevel ikkje dokumentasjon på *alle* forskriftskrav er oppfylte – verken enkeltvis eller i ei samla framstilling.

Kravet i forskrift om kommunal beredskapsplikt må elles sjåast i samanheng med kommunelova § 23 nr. 2 som pålegg administrasjonssjefen eit generelt internkontrollsvar. Administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen vert driven i samsvar med lover, forskrifter og overordna instruksar, og at den er gjenstand for tilfredsstillande kontroll.

## **3.2 Merknader**

Merknader er definerte som forhold som ikkje oppfyller definisjonen av avvik, men som fylkesmannen meiner det er grunn til å påpeike for å sikre god oppfølging av beredskapsplikta.

### **Merknad nr. 1**

Kommunen bør vurdere utarbeiding av ein plan eller anna styringsdokument som kan fungere som ei operativ overbygning, oversikt og ramme for kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap – eit bindeledd mellom strategiske planar og ROS-analysar, beredskapsplanverk og aktivitet. Fleire av dei konkrete avvika som er avdekte i tilsynet gjeld forhold som kan ivaretakast gjennom ei slik overbygning. Det same gjeld andre konkrete forhold som ikkje oppfyller definisjonen av avvik, men der kommunen har forbettingspotensial – for eksempel:

- tydelegare rutinar for evaluering – både av øvingar og reelle hendingar
- tydelegare rutinar for planrevisjon og plansamordning
- tydelegare rutinar for faste møte i kriseleninga og beredskapsrådet

Eller heilt generelt: Tydelege rutinar for korleis Giske kommune sin beredskapsorganisasjon skal drivast og vedlikehaldast.

### **Merknad nr. 2**

Kommunen bør vurdere ein gjennomgående revisjon av heile beredskapsplanverket. Potensialet for forenkling er truleg større enn behovet for nybrotsarbeid. Kommunen bør i denne samanhengen vurdere om heile planverket – plan for kriselening og del-/seksjonsplanar bør løftast over på CIM.

**Merknad nr. 3**

Kommunen bør vurdere å tydeleggjere systemet for opplæring som sikrar at alle som er tiltenkt ei rolle i kommunen si krisehandtering har tilstrekkelege kvalifikasjonar, jf. forskrift om kommunal beredskapsplikt § 7, andre ledd. Fylkesmannen har inntrykk av at dette arbeidet blir følt godt opp, men i noverande planverk er systemet/dei interne retningslinjene lite synlege.

## **4 Vidare oppfølging**

Fylkesmannen ber om at kommunen lagar ein plan for når og korleis dei avdekte avvika skal følgjast opp. Planen skal sendast til fylkesmannen seinast seks veker etter tilsynsrapporten er motteken.

Med utgangspunkt i kommunen sin plan, vurderer fylkesmannen om tilsynssaka kan avsluttast. Kommunen får tilbakemelding om dette seinast tre veker etter fylkesmannen har motteke kommunen sin oppfølgingsplan.

Dersom kommunen har spørsmål om tilsynsrapporten eller oppfølginga, kan fylkesmannen sin tilsynsleiar kontaktast:

Ketil Matvik Foldal, [ketil.matvik.foldal@fylkesmannen.no](mailto:ketil.matvik.foldal@fylkesmannen.no), 71258483 / 41693480.